




That was then... This is now,
Ayman Alazraq og Emanuel Svedin



Materialbilde, 1972, Knut Rumohr

Forside: *That was then... This is now* (utsnitt av videostillbilde),
Ayman Alazraq og Emanuel Svedin

Besøksadresse: Trolladalen 28, 6856 Sogndal
Kunstnere: Knut Rumohr, Mari Kanstad Johnsen,
Ayman Alazraq, Emanuel Svedin
Ferdigstilt: 30.01.2019
Kunsthøgskuleprosjektleder: Janicke Iversen, KORO,
Nora Ceciliedatter Nerdrum, KORO
Kurator: Marie Skeie, KORO
Foto: Werner Zellien, Thomas Tveter
Grafisk design: Ulf Carlsson

KORO
KUNST | OFFENTLIGE ROM

HØGSKULEN PÅ VESTLANDET, CAMPUS SOGNDAL, BRAGEBYGGET




KORO
KUNST | OFFENTLIGE ROM

Den nye kunsten i Bragebygget handlar både om historiske personar med lokal tilknytning og om dagsaktuelle politiske spørsmål av internasjonalt omfang.

To lærdøler, grafikaren Knut Rumohr (1916–2002) og forfatteren og læraren Marianne Rumohr (1885–1970), blei særleg viktige for det kuratoriske grepet om kunsten i bygget. Det fanst allereie eit monumentalt materialbilde av Knut Rumohr på høgskulen, og dei grafiske arbeida *Fjell*, *Landskap Klipper* og *Naturinntrykk* går i dialog med materialbildet frå 1972. Med dei tre siste grafiske verka har høgskulen fått ei fin samling Knut Rumohr-arbeid.

Marianne Rumohr stod bak den kjende ABC-læreboka frå 1939, som blei brukt i den norske skulen i fleire generasjonar. Denne boka, med dyrellustrasjonar av Carl von Hanno, har vore ei inspirasjonskjelde for bildekunstnaren Mari Kanstad Johnsen. Hennar veggmåleri *Alfabetisk reisefølge i fri rekkefølge* består av ein parade menneske og dyr i sterke fargar. Arbeidet kan seiast å parafrasere ideen om læring og er ein leiken kommentar til lærings situasjonen og kvardagslivet til høgskulestudentane.

I installasjonen *That was then ... This is now* kan du følge ein fotballkamp frå Zaatari flyktningleir i Jordan ved hjelp av fleire sansar: Sjå videoen frå kampen og kjenn hjerteslaga frå spelarane via vibrasjonar i veggen. Ayman Alazraq og Emanuel Svedins vibrasjons- og videoinstallasjon viser til fotballkulturen i Sogndal, men kan òg sjåast i eit større politisk landskap og dagens flyktningdebatt. Den genererte pulsen i installasjonen, hjarteslaga til spelarane, pulserer inn i kroppen til tilskodaren og gjev ei umiddelbar fysisk oppleving. Slik følgjer hjarteslaga dagsrytmen til campus og knyter menneska saman i ein felles rytme. Verket formidlar ei større verd inn i Høgskulen på Vestlandet.



Naturinntrykk (Nr. 75), Knut Rumohr



Alfabetisk reisefølge i fri rekkefølge,
Mari Kanstad Johnsen